



«Gi da din tjener et
lydhørt hjerte, så jeg kan
styre ditt folk og skille
mellom godt og ondt.»
1. Kongebok 3, 9

Velkommen til GUDS- TJENESTER

Søndag 25.mai
6.søndag i påsketiden
Matteus 6, 7-13

Egersund kirke kl. 11.00
Gudstjeneste. Barane og
Vasylkov. Dåp og Nattverd.
Offer: Vake, kirkelig ressur-
senter mot overgrep.

Sokndal kirke kl. 11.00
Gudstjeneste. Lien og
Spindler. Nattverd. Offer
til menighetens arbeid.

**Eigerøy arbeidskirke
kl. 11.00**
«Babysang-gudstjeneste»
Christiane Krahner og Rune
Pedersen.
Søndagsskole og kirkekaffe
Offer Kirkens bymisjon
Kirkeskyss ring tlf: 47613289
mellom kl. 09:30-09:45.

Bjerkreim kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste,
Hillestad, Hadland og
Ognedal, Song av Agneta
Egeland Hauksdottir og
Ingrid Vassbø Sæth.
Offer Trusopplæringa.

**Kristihimmelfart
Torsdag 29.mai**
Mong v/skolehus. kl. 11.00
Friluftsgudstjeneste.
Krahner og Vasylkov.
Kirkeskyss fra Egersund kirke.
Ved dårlig vær flyttes
gudstjenesten til kirken.

Lio kapell kl. 12.00.
75 års jubileum.
Lien og speiderne.
Offer til Lio

**Bjerkreim kyrkje kl.
19.00**
Samtalegudsteneste,
Hillestad, Hadland og
Ognedal.



En medarbeiderdag med «sammen» som samlende fokus



BISKOP ANNE LISE ÅDNØY: Årets medarbeiderdag, gitt til alle ansatte i Den Norske Kirke - Rogaland, var en storstilt 900-årsbursdagsfest hvor «sammen» var dagens røde tråd, som gjennom resten av året. Foto: Øystein Viland

AV ELIN WOOD / BISKOP ANNE
LISE ÅDNØY

Årets medarbeiderdag samlet en fullsatt domkirke med ansatte fra hele Stavanger bispedømme. Den røde tråden var «sammen» 900-årsfeiringens samlende motto. Kraften i salmesangen fikk taket nesten til å lette.

Det er noe eget å sitte i en fullsatt domkirke, med alle vi som sammen jobber i denne litt skakke og rare institusjonen som kalles Den Norske Kirke, å synge «Som barn i ditt hus har vi hver og en ett sted, der vi kan søke ditt ansikt, og du gir oss av din fred.» Det er et mangfold av ulike mennesker som hver dag går på jobb med visjonen «mer himmel på jord» som ledestjerne. Ingen snau visjon som skal gi retning til de konkrete handlinger og beslutninger som tas daglig. Vi trenger en klok ledelse og et lydhørt hjerte til slikt. Ut over gudstjenesten i domkirken fortalte Janne Stigen Drangsholt om den historiske bevegelse fra tro som felleskap til individuelt troende, før det ble lunsj på Hotell Atlantic. Etter lunsj ble det «samtalekonsert» med brødrene Leif Ingvald og Trygve Skaug i St. Petri. En god blanding av alvor og humor hvor, «sammen videre» var omdreingspunkt.

Biskop Anne Lise Ådnøys preken fra en nymontert prekestol, kan i sin helhet være en god inngang til helgen for oss alle.

«I same båt er vi. Om det stormar eller fjorden ligg blank og fin, segle skal vi. Bileta rundt det som blei stafett-pinnen i jubileet er mange. Ein robåt med mast har snart vore i alle sokn. Kvar stad har sett sitt merke. Kvifor gjer me det sånn?

Geografien og historia har av og til

gjort det vanskeleg å samlast under namnet Stavanger bispedøme. Bispedømmet er meir enn byen. I opphavet strekte Stavanger bispedømme seg like til Hallingdal. Så var det to-tre hundre år der me var del av Agder. Pinsen for 100 år sidan fekk Stavanger igjen sin eigen bispestol. No er dei geografiske ytterpunkt kan hende Utsira, Sauda og Åna Sira. Frå pinsen for to år sidan fram til pinsen i år har de hatt strev og, håpar eg, glede av denne båt-stafetten.

I same båt er me sjølv om geografi og kultur kan vera forskjellig. Saman er vi fordi vi har same opphav, same Gud og same tru. Det skjer noko i tida nå. Med Jesaja sine ord kunne me seie: No skapar eg noko nytt, merkar de det ikkje? Kyrkje og folk har høyrte saman, alltid. Men pendelen svingar. I mi levetid, etterkrigstida, har folk og kyrkje bevega seg frå einannan. Både i byane og bygdene har me hatt ein generasjon eller to som kunne kallast Guds barneborn. No fortel media oftare utan blygsel om religion og tru. Det er ikkje skamfullt å vera på leit etter Gud.

Det mørke i verda har alltid vore der. Me får det tettare på gjennom media. Krigen slutta for 80 år sidan, seier me. Krig har det likevel vore i Vietnam, mellom narkobaronar i Latin-Amerika og i dei tidlegare koloniane på det afrikanske kontinentet. Krig er det framleis. Det heng eit mørkt uvær over oss. Me er dømde til å segla likevel.

Då 5000 menn og konene og borna deira var blitt mette på brød, drog læresveinane ut i båt. Meisteren trakk seg attende i fjellet for å vera åleine og be. Å gå og å be heng saman. Tankane og kjenslene får plass når me er på tur. Pilgrimsarbeidet er i gang. Me som til kvardags er i kyrkjene må vera vakne og leggja til rette for møte med det heilage både i naturen og i kulturen. Romma våre må haldast opne. Sjølv skal

me læra av Jesus og tola å gå åleine for å be. Andeleg vegleiing er ikkje nytt. Læresveinane sa: Lær oss å be! (Det er tema for gudstenesta komande søndag) Alle kan læra å be, ingen stader er gudsforlatte, ingen tider er for korte til å gje plass for bøn.

Her me sit i skipet (og i koret) i den 900 år gamle domkyrkja er me ikkje ulike læresveinane på Genesaretsjøen. Me har arbeid som krev oss, på kontor og i idrettshallar, i kyrkjerom og på leirrar. Me skal sjå den einskilde når det er mange rundt oss. Og me vil så gjerne gje dei brød og vekkje og nære trua.

Og så ulike som læresveinane var, er også me forskjellige. Ein Peter melde seg til å gå på vatnet. Dei andre klamra seg kanskje til ripa? Noko av det som kan ødelegge stabar og gje oss dårlegare livskvalitet er samanlikningane. Me måler så lett oss sjølv opp mot andre, og leitar etter det som gjer oss betre enn eller dårlegare enn dei. Slutt med det. Be om at samanliknings-demonen må fara ut i Jesu namn. Kyrkja i Rogaland treng ulike menneske og skal ta imot folk slik dei er.

Vakrast er kyrkja i Stavanger bispedømme når folk kjem saman for å læra av Jesus og æra Gud. Gudstenester og cellegrupper, babysang og gravferder er heilage rom i tida der me som kyrkje gjer det me kan. Me møter kvarandre under ein open himmel. Me veit at det er nåden som ber, anten det er ein vanlig tysdag med stabsmøte eller ein uroleg sjø som ligg framom.

Færingen som har vore stafett-pinne dette året kan minna oss om barnesongen Min båt er så liten. Og ja, me kan vel kjenna oss små, eller me kan ynskja at me fekk vera i ein liten båt for oss sjølv saman med dei som tenkjer likt oss. Ikkje gløym at Kyrkeskipet og dei små båtane skal same vegen og framdrifta kan aldri vera anna enn Guds

eigen Ande, over tid. I bildet av reisa gjennom livet er Båten den nåden frå Gud som ber oss over. For ei gåve å få vera om bord!

Korleis finn me vegen saman? På skuter les dei draftet, set dei kurs og held roret stødig. Jesus har gjeve oss mål og meining for livet: det er å elska Gud og å elska nesten vår. Med det målet kan me koma både kort og langt i Stavanger bispedømme.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, Skaparen, Frigjeraren og Livgjevaren, som var, er og vera skal ein sann Gud frå eve til eve»



FOTO: Øystein Viland